

Tilbakeblikk på 2015

Frisbeesesongen 2015 blei ein suksess frå start til slutt. Første *Vekas runde* var på sjølve langfredag (3. april) og siste var 25. september. Det var folk på alle 26 gongane. Sesongens vinnarar av uttrekkspremiar var Ole Sander Ytterli, Per Jomar Nerli og Sander Lødøen. Når vi først snakkar om Vekas runde, kan vi ta med nokre fakta:

- I løpet av sesongen var det 55 spelalarar innom.
- Ole Sander Ytterli deltok på flest med 22 gongar.
- Det deltok færrast 7 og flest 24 spelalarar.
- Gjennomsnittet av deltakarar var 12 spelalarar.
- Vi har registrert 265 rundar med totalt 13 434 kast!
- 33 personar hadde brukt færre enn 50 kast.
- 17 personar hadde kasta på par eller betre (par = 39).
- 7 personar hadde kasta på 4 under par eller betre (35 eller lågare).

Den første turneringa vi arrangerte denne sesongen var *Vårslepp 2015*, som gjekk av stabelen laurdag 2. mai. Med 23 spelalarar som fullførte to rundar à 12 hol og påfølgjande finale for dei fire beste, blei dette akkurat det arrangementet vi ville ha.

Disksportens Dag søndag 7. juni skulle vere ein familieday med leik og moro, men her var det ingen som møtte opp.

Sankthansgolf tysdag 23. juni starta kl.2000 med 13 deltakarar og påfølgjande puttekonkurranse kl.2200. Jan Tore Jemtegård vann runden og Hogne Grønningsæter vann puttekonkurransen.

Jemtegård Open laurdag 8. august var fjarårets storturnering med heile 35 deltakarar frå Langevåg, Måløy, Volda og Vestnes i tillegg til Valldal. Alle gjekk to gongar 15 hol og dei seks beste gjekk ein finale på 5 hol. Det var ingenting å seie på nivået her. Øyvind Jarnes (juniornorgesmeister 2014) kom på 3. plass. Han tok ein 2. plass i den gjævaste klassa i Norgescupen helga etter! Sølve André Hatlen (5. plass NM 2013) tok andrelassen. Vinnaren blei Jostein Håland, som også vann NM seinare på sommaren! Kanskje det blir ein tradisjon at vinnaren av Jemtegård Open alltid blir norgesmeister? I juniorklassen var det Knut Håland som vann. Han tok sølv i NM for yngre junior ein månad seinare. Linda Lødøen vann dameklassa.

Klubbmesterskapet søndag 27. september kolliderte med andre arrangement denne helga og det var difor berre 11 personar som møtte. Det blei likevel gjennomført, og det for andre gong i historia. Først gjekk vi ein runde på 18 hol, deretter ein runde på 12 hol. Richard vann herreklassen framføre Eirik Lødøen og Jan Tore Åsheim. I dameklassa var Linda og Terese likt etter totalt 30 hol. Jan Tore Jemtegård vann juniorklassen.

Til slutt kan vi seie at frisbeegolf er ikkje berre konkuransar. Denne aktiviteten har blitt stor her i Valldal og mange går ein runde på grunn av det sosiale. Her er både familiarar og vennegjengar, og ganske mykje av året blir nytta. 2. juledag prøvde vi oss for første gong på lysgolf. Med små LED-lys på disken, hovudlykter på spelarane og lommelykter på korgene var dette ein kjekk aktivitet som freista til gjentaking.

Valldal IL Frisbeegolf
Richard Moen